



# Askøy vgs. Vestland fylkeskommune



**Framtida byrjar her på  
Askøy vidaregåande!**





## Velkommen til nye Askøy vidaregåande!

Askøy vidaregåande skule flytta hausten 2023 inn i heilt nye og toppmoderne skulebygg, utforma for å skape eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø. Dei nye fasilitetane opnar for innovativ undervisning, spennande aktivitetar og eit sterkt fellesskap. Skulen har eit breitt tilbod innanfor både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Eit nært samarbeid med lokalt næringsliv gjer opplæringa praksisretta og gir elevane gode moglegheiter for relevant praksis i bedrift.

Vi har òg eit solid tilbod til elevar med ulike behov gjennom den tilrettelagde opplæringa vår.

Med Geir Jakobsen som ny rektor er vi klare til å halde fram vår stolte tradisjon i ny drakt. På Askøy vgs er vi opptekne av trivsel og gode arbeidsvanar, og læring står alltid i fokus. Målet er at du skal utvikle deg og oppnå ditt fulle potensial – i alle fag.

**Velkommen til Askøy vidaregåande – ein skule der kunnskap og fellesskap står i sentrum!**



# Bygg- og anleggsteknikk

## Bygg di framtid – stein på stein!

Likar du å jobbe praktisk og sjå konkrete resultat?  
På bygg- og anleggsteknikk lærer du grunnleggjande ferdigheiter innan bygging, murarbeid og anleggsdrift. Faget kombinerer teori med spennande praksisprosjekt som gjer deg klar for framtidens utfordringar.

## Moglegheiter etter studiet:

Det er om lag 22 fag som rekrutterer lærlingar frå bygg- og anleggsteknikk, så du har ei rekkje spennande yrke å velje mellom.

## Oppbygging

**Første året (Vg1)** er felles for alle som vel bygg- og anleggsteknikk.

**Andre året (Vg2)** tilbyr vi:

- **Vg2 Tømrar**

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.





## Elektro og datateknologi

### Ta kontroll over framtidens teknologi!

Elektro og datateknologi gir deg ferdigheter som er heilt sentrale i ei digital verd. Her lærer du om elektriske installasjonar, automasjon, datasystem og meir. Studiet er perfekt for deg som vil kombinere teori med praktisk arbeid og vere ein del av teknologiens framtid.

### Moglegheiter etter studiet:

Med denne utdanninga kan du bli elektrikar, automatikkmekanikar eller jobbe innan telekommunikasjon og IT. Elektrobransjen er i stadig vekst, og det er eit stort behov for kompetente fagfolk med teknisk innsikt.



#### Oppbygging

**Første året (Vg1)** er felles for alle som tek elektro- og datateknologi.

**Andre året (Vg2)** tilbyr vi:

- Vg2 El-energi og ekom
- Vg2 Køyretøy

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.



# Protan ansetter lærlinger

Ta kontakt på  
[joakim.vatne@protan.no](mailto:joakim.vatne@protan.no)  
Tlf 468 66 409

# Helse- og oppvekstfag

## Omsorg som endrar liv

Helse- og oppvekstfag passar for deg som vil jobbe med menneske og gjere ein positiv forskjell. Gjennom ein kombinasjon av teori og praksis lærer du korleis du kan bidra til betre livskvalitet og trivsel for menneske i alle aldrar.

## Moglegheiter etter studiet

Med helse- og oppvekstfag kan du bli helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar eller ta vidare utdanning innan sjukepleie, medisin eller psykologi. Dette er ei framtidretta utdanning med mange karrieremoglegheiter.

## Oppbygning

**Første året (Vg1)** er felles for alle som tek helse- og oppvekstfag.

**Andre året (Vg2)** tilbyr vi:

- Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag
- Vg2 helsearbeidarfag

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida

**Stigen & Kronheim AS**  
BYGGTAPETSERMESTER



**55**  
års erfaring

Lyst til å lære et yrke som alltid trengs?

**BLI MED PÅ LAGET SOM LÆRLING  
I GULVLEGGERFAGET!**



post@skgulv.no




C. Sundts gate 57, 5004 Bergen



901 21 873



skgulv.no



# Påbygging til generell studiekompetanse

## Eit steg nærare draumen din!

Påbygging til generell studiekompetanse gjer deg moglegheita til å søke høgare utdanning etter at du har fullført eit yrkesfag. Dette er eit studieløp som gir deg brei fagleg kompetanse og fleire opne dører til framtida.

## Moglegheiter etter studiet

Med generell studiekompetanse kan du søke opptak til universitet og høgskular i Noreg og utlandet. Dette gir deg fridom til å velje mellom ei rekkje høgare utdanningar.



## BLI LÆRLING HOS OSS I SANDØY BYGGSERVICE AS

Totalentrepriser • Nybygg • Rehabilitering • Tilbygg

Storebotn 57H, 5309 Kleppestø

[www.sandoybyggservice.no](http://www.sandoybyggservice.no)

51 12 60 00

**MESTERHUS**  
- det blir som avtalt

**SANDØY**  
BYGGSERVICE AS



# Studiespesialisering

## Fokus på kunnskap og framtid

Studiespesialisering gir deg fagleg fordjuping innan realfag, språk, samfunnsfag eller økonomi. Dette studiet passar for deg som ønskjer eit sterkt fundament for vidare studium og har klare ambisjonar for framtida.

## Moglegheiter etter studiet

Studiespesialisering opnar dørene til høgare utdanning i inn- og utland. Du kan bli lege, ingeniør, økonom, jurist eller språkvitar – valet er ditt! Dette er vegen for deg som ønskjer å utforske dine akademiske interesser.

## Oppbygning

**Første året (Vg1)** er felles for alle som tek studiespesialiserande.

**Andre året (Vg2)** vel du programområde, anten i Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi.

**Tredje året (Vg3)** held du fram med to av faga i programområdet ditt frå vg2. I tillegg vel du fritt eit tredje programfag.

På Askøy vidaregåande tilbyr vi fleire moglegheiter for fordjuping i realfag. Dersom målet ditt er spesiell studiekompetanse for opptak til eit spesielt studie, har vi dei faga du treng.

**FAG**ELEKTRIKEREN AS

Elektroinstallasjoner av alle slag:  
Bolig/industribygg · Tele/data · Service · Varmepumper · Elbillading · Solcelle

# Trenger du elektriker?



Privat marked



Bedrift marked



Borettslag

Hallheimstien 10, 5184 Olsvik

55 70 63 36

firmapost@fag-el.no

fag-elektrikeren.no





# Teknologi- og industrifag

## Innovasjon og skaping i praksis

Teknologi- og industrifag handlar om å utvikle og produsere teknologiske løysingar for framtida. Gjennom praktiske oppgåver og teknisk trening lærer du om alt frå maskiner og produksjon til robotteknologi.

## Moglegheiter etter studiet

Etter fullført utdanning kan du mellom anna jobbe som industrimekanikar, CNC-operatør eller tekniskar. Du kan òg spesialisere deg innan automasjon, robotteknologi eller energiteknologi, som er nokre eksempel på sentrale fagområde for industrien i framtida. Dette studiet er også vegen vidare til mykje innan køyretøy.

## Oppbygging

**Første året (Vg1)** er felles for alle som tek Teknologi- og industrifag.

**Andre året (Vg2)** tilbyr vi:

- Vg2 Industriteknologi
- Vg2 Køyretøy

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Du kan ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.





## Tilrettelagt opplæring


### Alle fortener ei god utdanning

Vi tilbyr tilrettelagt opplæring for elevar med ulike behov. Her får du eit trygt læringsmiljø der meistring og trivsel står i fokus. Gjennom tilpassa opplegg gir vi deg moglegheita til å utvikle ferdigheitene dine i ditt eige tempo.

### Ein sunn, sosial og aktiv kvardag

Opplæringa er knytt til programområda studiespesialisering, helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsteknikk.

Vi fokuserer på fysisk aktivitet og livsstil, kost og helse.



**BERGEN RØRTEKNIKK AS**

OVER 40 ÅRS ERFARING  
Bergen Rørteknikk AS

Flinke folk, først og fremst

[www.bergen-rorteknikk.no](http://www.bergen-rorteknikk.no)

# Internasjonalisering og elevmiljø

## Utenlandsklassar

Askøy vgs har tilbod om to «utanlandsklassar» dersom du har lyst til å ta Vg2 i Tyskland. På Vg2 studiespesialisering eller Vg2 elektrofag får du ta eit skuleår i Erfurt i Tyskland. Askøy vgs har tett oppfølging av utanlandselevane våre med jamnlege besøk frå lærarar herifrå. Søknaden er open for elevar frå heile Vestland fylke. Opphaldet vert finansiert med stipend frå Statens lånekasse.

## Språkreiser

Skulen legg til rette for språkreiser (1 veke) på Vg1 studiespesialisering (Tyskland, Frankrike og Spania) som ein del av opplæringa i framandspråk.

## Erasmus+

Skulen deltar i andre internasjonale prosjekt innanfor EU sitt Erasmus+ program.

## Miljø

Elevane ved Askøy vidaregåande skule er aktive i eit engasjert elevråd og deltek i internasjonalt arbeid med Maisha Mema i Kenya. Biblioteket er ein viktig ressurs og tilbyr hjelp med tekstar og aktivitetar for pausar, inkludert ulike grupper som spel og musikk.

## Helse

Skulen gir gratis skulefrukost og har mange sosiale soner for elevane. Dei tilsette er opptekne av elevtrivsel, og elevtenesta tilbyr støtte med miljøarbeidarar, rådgjevarar og helsesjukepleiarar.



ØNSKER DU **UTPLASSERING** ELLER  
**LÆREPLASS** I TØMRERFAGET?

Ta kontakt med oss!



**BYGGMESTERFORRETNING AS**

Skogvegen 52, 5306 Erdal • Tlf. 934 48 463 • E-post: post@haevebygg.no

**HR- BYGG.NO**

**Aasebø Sag AS**  
BYGG & TRELAST

Aasebø Sag AS, 5307 Ask  
post@aasebo-sag.no | tlf. 56 15 15 90  
[www.aasebo-sag.no](http://www.aasebo-sag.no)





Askøy vgs.  
Vestland fylkeskommune




Søknadsfrist  
1. mars


## Oppdag framtidens muligheter!

Besøk oss på [www.askoy.vgs.no](http://www.askoy.vgs.no) eller kontakt oss for mer informasjon.

### Kontaktinformasjon

 **Adresse:** Søre Myrane 13, 5300 Kleppstø

 **Telefon:** 56 15 23 00

 **E-post:** [post.asv@vlfk.no](mailto:post.asv@vlfk.no)

**MOT**  
SHOW COURAGE!

- MOT til å bry seg
- MOT til å si nei
- MOT til å leve

[www.askoy.vgs.no](http://www.askoy.vgs.no)

